

Møteprotokoll

Utval: Kinn kontrollutval
Møtestad: Kinn Rådhus i Måløy, Formannskapsalen
Dato: 30.03.2022
Tid: kl 10.15

Fremmøtte	Representerer	Funksjon
Aud Norunn Vig		medlem
Bjørn Hollevik		nestleiar
Helen Hjertaas		medlem
Kjell Heggen		leiar
Tom Andre Hopland		medlem

Helen Hjertaas kom kl. 12:00 og var til stedes i sakene 15 OS 12 og 16.

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, Dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, Konsulent.

Vestland revisjon:

Charles Litsheim, Forvaltningsrevisjonssjef. I sakene 15/22 OS 12 og 16/22.

Kinn kommune:

Ingvill Førde Torvanger, Hovudverneombod. I sak 15/22 OS 12.

Anette Sætren, Hovudverneombod. I sak 15/22 OS 12.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

12,13,14,15 OS 08, OS 09, OS 10, OS 11, 17, 18, 19, 15 OS 12 og 16.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 12/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/134
PS 13/22	Godkjenning av protokoll	22/134
PS 14/22	Skriv og meldingar	22/134
SKRIV 09/22	Lovtolkning om val til kontrollutval	22/131
PS 15/22	Orienteringar	22/134
PS 16/22	Behandling av prosjektplan - bestilling av forvaltningsrevision/revisjonsrapport – FN's bærekraftsmål nr.6 og planverk i Kinn kommune	22/133
PS 17/22	Journalføring og arkivering i foretak og interkommunale samarbeid	22/139
PS 18/22	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	22/132
PS 19/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/134

Måløy, 31.03.2022

Kjell Heggen

PS12/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Rekkefølga på behandling av saker kan endrast på i møtet.

PS13/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen fra siste møtet.

PS14/22 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
08/22	Generalforsamling i Sogn og Fjordane Holding AS
09/22	Lovtolkning om val til kontrollutval

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

PS15/22 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
08/22	Kommunedirektøren. Orientering om avtale Bistro To Kokker - Samfunnshuset
09/22	Kommunedirektøren. Orientering om utfylling på Nygårstangen
10/22	Kommunedirektøren. Orientering om oppgjer for Bryggja over til Stad kommune
11/22	Kommunedirektøren. Orientering om dataattryggleik j.f. rapport fra Stryn
12/22	Kommunedirektøren og hovedverneombod. Orientering om avvik og varslingssystemet

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende

Behandling:

Kommunedirektøren fekk ikkje høve å møte, men har gitt slik skriftleg tilbakemelding på orienteringssakene:

"08/22 Bistro To kokker – Avtale samsfunnshuset

Kommunedirektøren sitt svar:

Kommuneadvokaten har no utarbeidd eit nytt utkast til avtale. Den vert no kvalitetssikra hjå KS-advokatane.

09/22 Status for Utfylling av Nygårdstangen

Er det noko nytt i denne saka så orienter litt om det.

Kommunedirektøren sitt svar:

Politiet melder at dei er i sluttfasen av etterforskinga. Vi har såleis ikkje mottatt noko konklusjon frå politiet si side.

10/22 Status for saka om oppgjer med at Bryggja vart ført over til Stad kommune.

Kommunedirektøren sitt svar:

Oppgjer etter Inndelingslova § 19, Stad skal betale 30 millionar kroner til Kinn kommune.

Oppgjer etter Inndelingslova § 21, Kinn kommune fekk ikkje medhald i påstanden om at Stad skal betale for inntektstap og auka kostnader som følge av grensejusteringa.

11/22 Kontrollutvalet ville ha tilbakemelding på Rapport Datatryggleik

Kontrollutvalet viser vedlegg 7 Rapport frå forvaltningsrevisjon IKT - tryggleik og beredskap - Stryn kommune og ber om kommunedirektøren sin kommentar dersom problemstillingane gjaldt Kinn kommune.

Kommunedirektøren sitt svar:

Eg har nyleg fått rapporten. Denne må eg få kome tilbake til saman med Nordfjordnett. Stryn er også står problemstillinga rett, handlar likevel dette om organisasjonen si oppfølging.

Eg må få kome tilbake til saka.

12/22 Varsling – der vil kontrollutvalet også ha samtale med hovudverneomboda i Florø og Måløy

Varslingssaker. Kommunedirektøren sa i møtet at han gjerne vil orientere om dette temaet. Korleis rutinane er, om tilsette kjenner til varslingssystemet og om nyttilsette vert informert om det. Utvalet vil ha oversikt over kor mange varslingssaker som er komne inn og kva er status for dei varsle sakene. Kommunedirektøren må orientere først - deretter vil kontrollutvalet har orientering frå hovudverneomboda.

Hovudverneombod har gitt melding om at dei møter.

Kontrollutvalet bør også få generell orientering når det nye varslingssystemet har fått virka ei tid. Er det for tidleg i dette møtet eller?

Kommunedirektøren sitt svar:

Controllaren har orientert om dette i to møter. Personalsjefen ligg heime med Covid, Controllaren er meddommar i Sogn og Fjordane tingrett. Ta gjerne i mot innspel frå verneomboda, men KD må få kome tilbake i neste møte."

Hovudverneomboda Ingvill Førde Torvanger (Florø) og Anette Sætren (Måløy) orienterte generelt om bruken av Compilo. Oppfatninga kontrollutvalet sitt igjen med er at bruken av systemet har store manglar i Florø, men fungerar godt i Måløy. Då Compilo er innført som avvikssystem må leiaren sørge for at det er dette systemet som skal brukast.

Etter den generelle orienteringa tok leiaren opp om å lukke møtet då hovudverneomboda vart oppmoda om å kome inn på enkeltsaker. Debatten om lukking gikk for opne dører samt

avstemminga. Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke dørene under denne delen av orienteringa i medhald av kommunelova §11-5 3.ledd a).
Møtet vart lukka.

Møtet vart opna etter orienteringa om enkeltsaker.

Når det gjeld orienteringa under ope møte vert det vist til streaminga.

PS16/22 Behandling av prosjektplan - bestilling av forvaltningsrevisjon/revisjonsrapport – FN's bærekraftsmål nr.6 og planverk i Kinn kommune

Vedtak:

1 Kontrollutvalet vedtek å ikkje utføre eit prosjekt på FN's bærekraftsmål no.

2 Kontrollutvalet vedtek å utføre eit forvaltningsprosjekt på arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren, då på arbeidssituasjonen for tilsette, spissa mot psykisk og fysisk vald. Samt korleis bruken av Compilo i dette bildet. Kontrollutvalet ber Vestland revisjon utarbeide prosjektplan der det vert lagt vekt på tilhøvet som kom fram under orienteringssak 12/22 sak 15 - Orienteringa frå hovudverneomboda.

Behandling:

Revisjonssjef Charles Litsheim orienterte om prosjektplanen og utfordingane for no å få til ein forvaltningsrevisjon på FN's bærekraftsmål. Etter drøftingar sette Bjørn Hollevik fram forslag om å ikkje utføre dette prospektet no, men å vurdere eit prosjekt ut frå dei opplysningane som kom fram under orientering 12 i sak 15/22 - Hovudverneomboda si orientering om avvik- og varslingssystemet Compilo.

PS17/22 Journalføring og arkivering i foretak og interkommunale samarbeid

Vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunedirektøren for uttale og vil gjere endeg tilråding til kommunestyret på neste møte.

Behandling:

Kontrollutvalet meiner at saka skal til kommunestyret. Saka skal då til kommunedirektøren til høyring før endeleg behandling i kommunestyret.

Kontrollutvalet ser for seg å sende saka over til kommunestyret med slikt forslag til vedtak:

1 Kommunestyret tek til vitende at føring av postjournal og arkivering for kommunale føretak vert ivaretake gjennom Kinn kommune sine system.

2 Kommunestyret innskjerper ovenfor styra i dei kommunale føretakene at:

1. Dei kommunale systemene for føring av postjournal skal følgjast.
2. Offentleglova med omsyn til bl. Anna møteoffentlighet gjeld.

3 Kommunestyret ber dei ulike interkommunale samarbeida gi informasjon til kontrollutvalet om dei følgjer opp lovpålagde plikter til journalføring og arkivering og korleis dei gjennomfører offentlighet i forhold til styremøter / rådsmøter (representantskap og generalforsamlingar)

PS18/22 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS19/22 Saker til eventuell seinare behandling

Vedtak:

1 Kontrollutvalet kallar inn ny kommunedirektør og ordførar til eit møte før sommarferien for å drøfte gjensidige forventningar.

2 Dei i kontrollutvalet som vil delta på FKT sin kontrollutvalskonferanse i juni kontaktar sekretariatet for påmelding.

2 Kontrollutvalet tek til vitende dagleg leiar si orientering om nytt dataopplegg for tilgong til kontrollutvalet sine saker og kontrollutvalsleiar si orientering om kontakt med ordføraren vedkomande saker.